

Endometrioseforeningen treng fleire likepersonar!



Endometrioseforeningen Norge satsar på likeperson-arbeidet og ser på dette tilbodet som ein viktig arena for jenter og kvinner med endometriose og adenomyose. Foreninga har per i dag ingen likepersonar i fylka Finnmark, Trøndelag og Sogn og Fjordane. Det er også eit stort behov for fleire likepersonar i Oslo-området, så søkjarar frå dette området vil verta prioritert ved neste kurs.

Kunne du tenkt deg å vera likeperson eller kjenner du nokon som kanskje hadde passa til dette arbeidet, vil me gjerne ha kontakt med dykk.

**NESTE LIKEPERSONKURS:
24.–26. januar 2020 i Oslo**

KVA DET INNEBER Å VERA LIKEPERSON:

- Som likeperson må du ha hatt endometriose og/eller adenomyose lenge nok til at du har tilstrekkeleg kunnskap om sjukdomen/-ane og helsevesenet.
- Som likeperson er det svært viktig at du er frisk nok frå eigne sjukdomar, og at du har fått bearbeidd dine erfaringar kring sjukdom, for å kunna gjera denne jobben.
- Som likeperson gjev du utveksling av eigne erfaringar gjennom informasjon og «ein god samtale».
- Som likeperson er du eit medmenneske, der du møter andre sine behov for hjelp og støtte, og kan bidra til meistring.
- Som likeperson inviterer du til uformelle kafémøter og ev andre aktivitetar i ditt område.

Å møta andre i same livssituasjon kan følast godt og vil for mange opplevast som ei trøyst.

Skriv litt om deg sjølv og kvifor du ser for deg at eit slikt verv kan vera interessant for nettopp deg. Endometrioseforeningen vil evaluere kvar enkelt kandidat til verva, både før og etter kurset er gjennomført, før verva vert tildelt.

Send til: ainabergas@hotmail.com og elisabeth@endometriose.no

Foreninga dekkar kostnadar knytt til kursing av likepersonar, samt utgifter til likepersonarbeidet. Les gjerne meir om likepersonarbeid på lenk:

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/shd/bro/2001/0030/ddd/pdfv/138389-ga-brosjyre-likemanns.pdf>

**Venleg helsing
oss i styret i Endometrioseforeningen Norge**

